| SJØFORSVARETS BASER SB | Institusjonskokkfaget | 23.02.2021 | 23.02.2021 | Ny bedrift |
| SJØFORSVARETS BASER SB | Kokkfaget | 23.02.2021 | 23.02.2021 | Ny bedrift |
| SJØFORSVARETS BASER SB | Kontor- og administrasjonsfag | 23.02.2021 | 23.02.2021 | Ny bedrift |
| SJØFORSVARET | Maritim elektrikerfaget | 19.02.2021 | 19.02.2021 | Ny bedrift |
| SJØFORSVARET | Motormannfaget | 19.02.2021 | 19.02.2021 | Ny bedrift |
| NÆRINGSHAGEN PÅ VOSS AS | Reiselivsfaget | 25.02.2021 | 25.02.2021 | Ny bedrift |
| KRITTHUSET AS | Institusjonskokkfaget | 29.06.2021 | 29.06.2021 | Ny bedrift |
| NYHEIM BYGG AS | Tømrerfaget | 26.02.2021 | 26.02.2021 | Ny bedrift |
| SR GROUP AS AVD BERGEN | Logistikkfaget | 02.07.2021 | 02.07.2021 | Ny bedrift |
| THORSEN ELEKTROMARKED AS | Salgsfaget | 19.04.2021 | 19.04.2021 | Ny bedrift |
| JS TRANSPORT AS | Yrkessjåførfaget | 13.04.2021 | 13.04.2021 | Ny bedrift |
| VEGARD ROGNE HOLDING AS | Yrkessjåførfaget | 07.04.2021 | 07.04.2021 | Ny bedrift |
| HARDANGER GLASS OG LÅS AS | Låsesmedfaget | 17.06.2021 | 17.06.2021 | Ny bedrift |
| NEDREVÅG AS | Tømrerfaget | 21.01.2021 | 21.01.2021 | Ny bedrift |
| VI:KI AS | Salgsfaget | 05.07.2021 | 05.07.2021 | Ny bedrift |
| BASTAL AS | Sveisefaget | 01.07.2021 | 01.07.2021 | Ny bedrift |
| RAMCO NORWAY AS AVD FLORØ | Industrimekanikerfaget | 19.04.2021 | 19.04.2021 | Ny bedrift |
| NESTTUN VVS AS | Rørleggerfaget | 30.06.2021 | 30.06.2021 | Ny bedrift |
| T.N BYGG AS | Tømrerfaget | 19.04.2021 | 19.04.2021 | Ny bedrift |
| COOP NORDVEST SA AVD 413 COOP PRIX HE | Salgsfaget | 04.02.2021 | 04.02.2021 | Ny bedrift |
| BERGEN TAKTEKKER & BLIKKENSLAGERSERV | Ventilasjons- og blikkenslagerf | 08.07.2021 | 08.07.2021 | Ny bedrift |
| ROBERT SLETTMO AS | Ventilasjons- og blikkenslagerf | 04.05.2021 | 04.05.2021 | Ny bedrift |
| KULTURHUSET I BERGEN AS | Kokkfaget | 17.08.2021 | 17.08.2021 | Ny bedrift |
| SCANDIC VOSS | Kokkfaget | 07.04.2021 | 07.04.2021 | Ny bedrift |
| BR. BAKKE AS | Matrosfaget | 17.08.2021 | 16.08.2021 | Nytt kurs |
| BR. BAKKE AS | Motormannfaget | 17.08.2021 | 16.08.2021 | Nytt kurs |
| RM MASKIN & VERKSTEDSDRIFT AS | Bilfaget, tunge kjøretøy | 23.06.2021 | 10.06.2021 | Nytt kurs |
| REITANS BILVERKSTED AS | Bilfaget, lette kjøretøy | 22.03.2021 | 18.03.2021 | Nytt kurs |
| ADAMS BILREPARASJONER AS | Bilfaget, lette kjøretøy | 20.01.2021 | 14.01.2021 | Nytt kurs |
| BERGEN BYGGTJENESTER AS | Tømrerfaget | 05.05.2021 | 04.05.2021 | Nytt kurs |
| OVE LOSNEGÅRD SNIKKAR & BÅTBYGGJAR | Tømrerfaget | 03.03.2021 | 24.02.2021 | Nytt kurs |
| CONSTO DAMBYGG AS | Betongfaget | 03.06.2021 | 31.05.2021 | Nytt kurs |
| ESTATE EIENDOMSDRIFT AS | | 07.05.2021 | 25.02.2021 | Nytt kurs |
| PEAB ASFALT NORGE AS AVD BERGEN | Asfaltfaget | 11.03.2021 | 04.03.2021 | Nytt kurs |
| PEAB ASFALT NORGE AS AVD BERGEN | Anleggsmaskinmekanikerfaget | 11.03.2021 | 04.03.2021 | Nytt kurs |
| OPTIMERA BYGGSYSTEMER AS AVD TYSNES | Tømrerfaget | 24.02.2021 | 23.02.2021 | Nytt kurs |
| REIEL M FAGERLID | Fjell- og bergverksfaget | 06.05.2021 | 04.05.2021 | Nytt kurs |
| TG BYGGSERVICE AS | Tømrerfaget | 06.01.2021 | 20.04.2021 | Nytt kurs |
| VEST POLITIDISTRIKT | Kontor- og administrasjonsfag | 12.03.2021 | 08.03.2021 | Nytt kurs |
| MARCEL FRISØR AS | Frisørfaget | 16.03.2021 | 28.01.2021 | Nytt kurs |
| KVAM FRUKTLAGER AS | Salgsfaget | 13.08.2021 | 31.05.2021 | Nytt kurs |
| KVAM FRUKTLAGER AS | Salgsfaget | 07.06.2021 | 31.05.2021 | Nytt kurs |
| Entreprenør Arne Aalvik | Anleggsmaskinførerfaget | 19.03.2021 | 18.03.2021 | Nytt kurs |
| BSI OFFSHORE AS | Isolatørfaget | 07.06.2021 | 20.05.2021 | Nytt kurs |
| SCHLUMBERGER NORGE AS AVD BERGEN INT | Laboratoriefaget | 27.04.2021 | 26.04.2021 | Nytt kurs |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| CAMERON NORGE AS AVD MONGSTAD | Industrimontørfaget | 08.04.2021 | 07.04.2021 | Nytt kurs |
| TEINESKJÆR AS | Matrosfaget | 10.06.2021 | 08.02.2021 | Nytt kurs |
| TEINESKJÆR AS | Fiske og fangst | 08.04.2021 | 08.02.2021 | Nytt kurs |
| TRONDS MARINE SERVICE AS | Matrosfaget | 03.06.2021 | 07.05.2021 | Nytt kurs |
| NG KIWI MØRE AS | Salgsfaget | 23.08.2021 | 06.07.2021 | Nytt kurs |
| NG KIWI MØRE AS | Salgsfaget | 08.07.2021 | 06.07.2021 | Nytt kurs |
| STRYN BOKHANDEL AS | Salgsfaget | 05.07.2021 | 30.06.2021 | Nytt kurs |
| SPORT OUTLET STRYN 53 AS | Salgsfaget | 10.06.2021 | 08.06.2021 | Nytt kurs |
| SPERREVIK ELEKTRO AS | Elektrikerfaget | 24.06.2021 | 22.06.2021 | Nytt kurs |
| SAS ELEKTROSERVICE AS | Elektrikerfaget | 01.06.2021 | 26.04.2021 | Nytt kurs |
| HANSEN-ELEKTRO AS | Elektrikerfaget | 26.02.2021 | 25.02.2021 | Nytt kurs |
| HEIANE ELEKTRO AS | Salgsfaget | 29.06.2021 | 25.06.2021 | Nytt kurs |
| JAN LYSNE AS | Salgsfaget | 27.05.2021 | 18.05.2021 | Nytt kurs |
| LEGANGER MASKIN AS | Anleggsmaskinførerfaget | 14.06.2021 | 31.05.2021 | Nytt kurs |
| BRUNTVEIT MASKIN AS | Anleggsmaskinførerfaget | 22.04.2021 | 21.04.2021 | Nytt kurs |
| K. HJELMELAND AS | Anleggsmaskinførerfaget | 04.02.2021 | 02.02.2021 | Nytt kurs |
| AROMA CAFE AS | Kokkfaget | 01.06.2021 | 21.05.2021 | Nytt kurs |
| POP-UP NORGE AS | Kokkfaget | 06.05.2021 | 04.05.2021 | Nytt kurs |
| SUNNFJORD RESTAURANTDRIFT AS | Kokkfaget | 08.04.2021 | 07.04.2021 | Nytt kurs |
| SUNNFJORD RESTAURANTDRIFT AS | Servitørfaget | 08.04.2021 | 07.04.2021 | Nytt kurs |
| ERKETUNET GARDSBAKERI AS | Bakerfaget | 22.03.2021 | 18.03.2021 | Nytt kurs |
| ERKETUNET GARDSBAKERI AS | Kokkfaget | 22.03.2021 | 18.03.2021 | Nytt kurs |
| ERKETUNET GARDSBAKERI AS | Konditorfaget | 22.03.2021 | 18.03.2021 | Nytt kurs |
| FØRDE HOTELL AS | Kokkfaget | 19.03.2021 | 18.03.2021 | Nytt kurs |
| VOSS BARNEVERNTENESTE | Barne- og ungdomsarbeiderfa | 16.06.2021 | 07.06.2021 | Nytt kurs |
| RASMUSSEN DEKKSENTER AS | Hjulutrustningsfaget | 08.04.2021 | 07.04.2021 | Nytt kurs |
| ONECO ELEKTRO AS AVD LAKSEVÅG | Energimontørfaget | 16.04.2021 | 12.02.2021 | Nytt kurs |
| PER A ØREN ENTREPRENØR AS | Anleggsmaskinførerfaget | 05.07.2021 | 28.06.2021 | Nytt kurs |
| PER A ØREN ENTREPRENØR AS | Vei- og anleggsfaget | 05.07.2021 | 28.06.2021 | Nytt kurs |
| AUGESTAD MASKIN AS | Anleggsmaskinførerfaget | 07.06.2021 | 18.05.2021 | Nytt kurs |
| GS-MASKIN AS | Anleggsmaskinførerfaget | 15.04.2021 | 13.04.2021 | Nytt kurs |
| NORDFJORD ELEKTRO AS | Automatiseringsfaget | 27.08.2021 | 26.08.2021 | Nytt kurs |
| NORDFJORD ELEKTRO AS | Elektrikerfaget | 27.08.2021 | 26.08.2021 | Nytt kurs |
| SJØFORSVARET | Sikkerhetsfaget | 04.06.2021 | 19.02.2021 | Nytt kurs |
| SJØFORSVARET | Kontor- og administrasjonsfag | 13.04.2021 | 19.02.2021 | Nytt kurs |
| SJØFORSVARET | Dataelektronikerfaget | 05.03.2021 | 19.02.2021 | Nytt kurs |
| SJØFORSVARET | Institusjonskokkfaget | 05.03.2021 | 19.02.2021 | Nytt kurs |
| SJØFORSVARET | Kokkfaget | 05.03.2021 | 19.02.2021 | Nytt kurs |
| SJØFORSVARET | Resepsjonsfaget | 05.03.2021 | 19.02.2021 | Nytt kurs |
| SJØFORSVARET | Matrosfaget | 05.03.2021 | 19.02.2021 | Nytt kurs |
| SJØFORSVARET | IKT-servicefaget | 23.02.2021 | 19.02.2021 | Nytt kurs |
| DRØMMEHAGEN BARNEHAGE AS | Barne- og ungdomsarbeiderfa | 25.06.2021 | 07.06.2021 | Nytt kurs |
| REKLAMEHUSET PRODUKSJON AS | Profileringsdesignfaget | 15.06.2021 | 11.05.2021 | Nytt kurs |
| KNARVIK BARNEHAGE AS | Barne- og ungdomsarbeiderfa | 07.06.2021 | 21.05.2021 | Nytt kurs |
| CAMERON NORGE AS AVD MONGSTAD | Industrimontørfaget | 27.04.2021 | 07.04.2021 | Nytt kurs |
| AKTIVITETSEININGA I SUNNFJORD KOMMUN | Aktivitørfaget | 06.07.2021 | 07.06.2021 | Nytt kurs |
| AKTIVITETSEININGA I SUNNFJORD KOMMUN | Aktivitørfaget | 28.06.2021 | 07.06.2021 | Nytt kurs |
| MALERMESTER KVITTINGEN AS | Malerfaget | 23.08.2021 | 10.08.2021 | Nytt kurs |
| MALERMESTER MORTEN BJARNOLL AS | Malerfaget | 15.06.2021 | 07.06.2021 | Nytt kurs |
| NORDIC BOATS AS | Salgsfaget | 22.06.2021 | 07.06.2021 | Nytt kurs |
| LAGUNEN DAGLIGVARE AS | Salgsfaget | 10.06.2021 | 26.04.2021 | Nytt kurs |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| BERGEN SPESIAL TRANSPORT AS | Yrkessjåførfaget | 25.05.2021 | 07.05.2021 | Nytt kurs |
| ODDA BETONG AS | Yrkessjåførfaget | 18.03.2021 | 17.03.2021 | Nytt kurs |
| BØRVE MUR OG FLIS AS | Murerfaget | 17.08.2021 | 07.07.2021 | Nytt kurs |
| DØSKELAND MARINE AS | Salgsfaget | 09.07.2021 | 01.07.2021 | Nytt kurs |
| SOLDALEN BESØKSGÅRD AS | Salgsfaget | 29.06.2021 | 04.05.2021 | Nytt kurs |
| BB SERVICESYSTEM SOGN OG FJORDANE AS | Salgsfaget | 21.06.2021 | 07.05.2021 | Nytt kurs |
| VIKSDALEN HANDEL AS | Salgsfaget | 19.03.2021 | 18.03.2021 | Nytt kurs |
| LITLERÉ MAT DAMSGÅRD AS | Kokkfaget | 06.07.2021 | 25.06.2021 | Nytt kurs |
| SCANDIC VOSS | Resepsjonsfaget | 26.05.2021 | 07.04.2021 | Nytt kurs |
| MASKINSENTERET VESTLAND AS | Landbruksmaskinmekanikerfag | 12.01.2021 | 04.01.2021 | Nytt kurs |

Vestland fylkeskommune

**OPK - Kvalitet i opplæringa**
Notat

| | |
|---|---|
| **Saksnr:** | 2021/26751-1 |
| **Saksbehandlar** | Edit Marie Asperanden |
| **Dato:** | 02.07.2021 |

| | |
|---|---|
| **Til:** | Hovudutval for opplæring og kompetanse |
| **Frå:** | Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse |

# Nytt for skuleåret 2021/22

## Om stortingsvalet 2021

### Skulevalet blir gjennomført 06. og 07. september.

I tidsrommet 23.08 – 07.09 gjennomfører dei vidaregåande skulane i Vestland debattmøte og valtorg, og alle elevane på skulen skal få høve til å delta på desse.

På bakgrunn av erfaringar og tilbakemeldingar frå ungdomspartia, Elevorganisasjonen og LNU har Utdanningsdirektoratet utarbeidd eit opplegg for korleis skulane kan handsame debatt og valtorg. Sjå gjennomføring av skuleval.

## Om korona

Det er viktig at barn og unge får vere mest mogleg på skulen. Skular følgjer grønt nivå i trafikklysmodellen, med mindre lokale helsemyndigheiter bestemmer at det skal vere gult tiltaksnivå. Dette gjeld for område med mykje smitte. Gult tiltaksnivå skal ikkje nyttast som førebyggande tiltak.

Skular må ha beredskapsplanar for å skifte til gult og raudt nivå. Sjå beredskapsplanar for skuleeigarar.

### Testing kan erstatte karantene for elevar

Frå 16. august 2021 kan testing erstatte smittekarantene. Dette gjeld for personar under 18 år og for elevar over 18 år på vidaregåande skule. Dersom ein person får påvist korona, kan elevar som er nærkontakt, teste seg i staden for å gå i karantene. Personar som den smitta bur saman med, eller andre tilsvarande nære kontaktar, må framleis gå i karantene.

### Elevar i risikogruppa

Elevar som må vere heime på grunn av sjukdom, karantene eller er i risikogruppe, har krav på å få opplæring heime. Dette gjeld også på grønt nivå. Les meir om når elevane har krav på opplæring heime.

### Unntak frå fråværsreglane er forlenga til ut september

Elevar som har fråvær av helsegrunnar, skal sleppe å gå til fastlegen for å få dokumentert fråværet. Unntaket frå regelverket gjeld ut september 2021. Elevar under 18 år må likevel legge fram stadfesting frå ein forelder, medan myndige elevar kan legge fram eigenmelding.

Fråvær av helsegrunner omfattar alt helserelatert fråvær, blant anna sjukdom og skade, karantene eller isolasjon samt milde luftvegssymptom og sjukdomskjensle.

## Om vidaregåande opplæring

### Kompetansepakke om skulemiljø

Utdanningsdirektoratet publiserer dei to første modulane av kompetansepakka om skulemiljø i slutten av august. Fram mot desember blir dei fem siste modulane publisert. Kompetansepakka skal medverke til ei kollektiv kompetanseheving om skulemiljø, og gir støtte til å reflektere over eigen praksis. Sjå meir informasjon om kompetansepakka.

### Fagfornyinga

For skuleåret 2021-22 vil alle trinn unnateke vg3 ta i bruk nye læreplanar. På yrkesfag skal læreplanane for vg3 brukas i yrkesfagleg fordjuping på vg1 og vg2.

### Endringar i eksamen etter nye læreplanar

Elevar skal gjennomføre sentralt gitte eksamenar etter nye læreplanar (LK20) i nytt digitalt system. For 10. trinn og vg2 er første eksamen i det nye systemet våren 2022.

**Politiske saker**
**PS 18/21 Årsmelding frå elev- og lærlingombodet for skuleåret 2020-2021**

Vestland fylkeskommune

**Organisasjon og økonomi**
Saksframlegg

| | |
|---|---|
| **Saksnr:** | 2020/37052-1 |
| **Saksbehandlar:** | Sigrid Leknes Isdal |

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Vestland ungdomsutval | | 27.08.2021 |
| Yrkesopplæringsnemnda | 18/21 | 06.09.2021 |
| Hovudutval for opplæring og kompetanse | | 08.09.2021 |
| Vestland ungdomsutval | | 17.09.2021 |
| Fylkesutvalet | | 21.09.2021 |
| Fylkestinget | | 29.09.2021 |

# Årsmelding frå elev- og lærlingombodet for skuleåret 2020-2021

## Forslag til innstilling

Fylkestinget tek årsmeldinga frå elev- og lærlingombodet til orientering

## Samandrag

Årsmeldinga frå elev- og lærlingombodet for skuleåret 2020-2021 vert lagt fram for fylkestinget til orientering.

Rune Haugsdal
fylkeskommunedirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg
1 Årsmelding for elev- og lærlingombodet 2020-2021

# Årsmelding frå elev- og lærlingombodet

For skuleåret 2020-2021

Vestland
fylkeskommune

# Innhald

Føreord ... 3

Innleiing ... 4

Elev- og lærlingombodet sine tilrådingar ... 5

Gode tiltak ... 5

Førespurnader 2020-2021 ... 6

Kven tar kontakt med elev- og lærlingombodet ... 7

Førespurnader som gjeld lærlingar og lærlingordninga 2020 - 2021 ... 7

Tendensar og utfordringar når det gjeld førespurnader frå lærlingar ... 8

Førespurnader som gjeld elevar 2020-2021 ... 10

Tendensar og utfordringar når det gjeld førespurnader frå elevar ... 11

Ombodet sitt arbeid ... 11

Vedlegg: ... 14

**Mandat for elev- og lærlingombodet i Vestland** ... 14

# Føreord

Elev- og lærlingombodet er fylkeskommunen sitt ombod for elevar, lærlingar og lærekandidatar i vidaregåande opplæring. Etter fylkessamanslåinga i 2020 har det vore to elev- og lærlingombod i Vestland. Ombodet har ei rådgjevande og rettleiande rolle og er ikkje klageinstans.

Årsmeldinga for skuleåret 2020-2021 vil gi innblikk i førespurnadane og arbeidet til ombodet i denne perioden. Mandatet til elev- og lærlingombodet i Vestland vart vedtatt av fylkestinget i juni 2020. Frå 01.01.20 har funksjonen til elev- og lærlingombodet i Vestland vore organisert i seksjon for juridiske tenester under fylkesdirektør for organisasjon og økonomi. Omboda er fysisk stasjonert i Bergen og i Sunnfjord og har delt regionen mellom seg geografisk for å nå ut til flest mogleg.

Elev- og lærlingombodet sitt oppdrag er å ivareta rettane og interessene til elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring i Vestland. Arbeidet skal gjerast på eit fritt og uavhengig grunnlag. I praksis vert dette gjort ved å vere lett tilgjengeleg for førespurnadar, informere elevar og lærlingar om deira rettar og plikter, halde innlegg for elevråd på dei vidaregåande skulane og ved å delta på ulike samlingar for elevar og lærlingar. Ombodet får gjennom møte, samlingar og førespurnadar fleire tilbakemeldingar om stoda i vidaregåande opplæring i Vestland.

I rolla som ombod arbeider vi som oftast med utgangspunkt i at elevar, lærlingar eller deira føresette stiller spørsmål ved noko, opplever at noko er vanskeleg eller urettferdig, er misnøgde med noko, eller meiner at lover og retningsliner ikkje er følgde. Ombodet si oppgåve blir då å belyse saka ut frå gjeldande reglar og lovverk, samt hjelpe eleven eller lærlingen med å gi tilbakemelding til dei ansvarlege på ein konstruktiv måte med ynskje om forbetring.

Dette året har vore spesielt i høve til korona. Det har difor vorte mindre fysiske besøk ute på skulane, og færre samlingar med lærlingar i regi av lærebedrifter/opplæringskontor. Fleire planlagde samlingar og skulebesøk har vorte avlyste. Ombodet sitt generelle inntrykk er at det med bakgrunn i korona har vore ein del skilnader i opplæringstilbodet, både frå skule til skule men også frå fag til fag. Trass i dette legg vi merke til den store innsatsen som er lagt ned i denne perioden av alle tilsette som arbeider med vidaregåande opplæring. Det er mange som engasjerer seg for å skape gode opplærings- og oppfølgingssystem i det fylkeskommunale systemet, i skulane, på Rettleiingstenesta, i opplæringskontora og ute i lærebedriftene

Elev- og lærlingombodet sin årsrapport byggjer ikkje på statistiske data om opplæringa i Vestland, og skal difor ikkje brukast til å gi ei statistisk beskriving av opplæringstilbodet i fylket. Slike opplysningar er det fylkesrådmannen som samlar inn gjennom eksempelvis elevundersøkinga, lærlingundersøkinga og kvalitetsmeldinga. Arbeidet som ombodet gjer er viktig for å styrke den enkelte elev og lærling, synleggjere utfordringar i den vidaregåande opplæringa, og for å styrke kvaliteten på det tilbodet elevane og lærlingane får.

Elev- og lærlingombod Sigrid Isdal sluttar i stillinga frå 1. august 2021, og ynskjer å nytte høvet til å takke for spennande og meiningsfulle år som ombod.

God lesnad!

Elev- og lærlingombodet i Vestland,
Sigrid Isdal og Venke Nordeide





# Innleiing

Skuleåret 2020- 2021 hadde Vestland fylkeskommune omlag 22750 elevar i vidaregåande skule, og 6500 lærlingar som fekk opplæring i bedrift. Tala er henta frå Skoleporten, Utdanningsdirektoratet.

Ombodsordninga er eit lågterskeltilbod som det skal vere lett for elevar og lærlingar å nå. Ut frå førespurnadene som elev- og lærlingombodet har fått ser vi at det er flest lærlingar som tar kontakt, og at det er fleire elevar ved offentlege enn private skular som tar kontakt. Ombodet har teieplikt, og det er også mogleg for elevar og lærlingar å ta kontakt anonymt. Ombodet kan fortelje om lovverk, rettar og plikter på generelt grunnlag. Når elevar og lærlingar tar kontakt med ombodet er det ofte fordi dei ynskjer å få ein nøytral part «utanfrå» til å finne ut kva som er rett i høve gjeldande lover eller rutinar. Fleire av dei som tar kontakt blir også vist vidare til andre avdelingar/instansar der dei får rett hjelp.

Ombodet er opptatt av korleis elevane og lærlingane sjølv kan vere med å påverke kvaliteten på si eiga opplæring, og korleis den enkelte kan gå fram for å ta opp ei sak med den ansvarlege. Målet er å løyse utfordringar og problem på lågast mogleg nivå, men samstundes også belyse om det skulle vere eventuelle brot på prosedyrar eller lovverk. Ombodet tilrår alle elevar og lærlingar til å ta kontakt så tidleg som mogleg dersom det dukkar opp spørsmål om rettar og plikter som dei er usikre på. Det er viktig å presisere at ombodet ikkje er sakshandsamar eller klageinstans, og difor ikkje har mynde til å gjere vedtak.



## Elev- og lærlingombodet sine tilrådingar

Med bakgrunn i førespurnader som ombodet har fått, samarbeid med ulike partar i vidaregåande opplæring, erfaringar ombodet har gjort på skulebesøk og i møte med elevar og lærlingar siste året, har ombodet følgjande tilrådingar:

- Det bør komme tydeleg fram på informasjonssidene til fylkeskommunen korleis avdeling for opplæring og kompetanse er organisert, med namn og kontaktinformasjon. Organisasjonen er stor, og det er ofte vanskeleg å «finne fram i systemet». I enkelte tilfelle er det behov for både elevar, lærlingar og føresette å kontakte administrasjonen sentralt i fylkeskommunen.

- Det bør arrangerast fylkeskommunale digitale samlingar for alle nye lærlingar. Her bør det informerast om overgang frå skule til lærebedrift, om rettar og plikter og om fylkeskommunen si rolle, eksempelvis informasjon om Rettleiingstenesta og kva dei kan hjelpe med. Fylkeskommunen bør i større grad sørgje for at den enkelte lærling kjenner til sin faglege leiar, kva ansvar denne og lærebedrifta har, og kva ansvar fylkeskommunen har dersom lærlingen opplever utfordringar når det gjeld opplæringa.

- Rettleiingstenesta bør bruke meir ressursar på å følgje opp lærling og lærebedrift. Generelt bør det systematiske arbeidet med å følgje opp lærling og lærebedrift ute i lærebedrifta styrkast. Dette for å sikre kvalitet i opplæringa ute i lærebedrift, og for å unngå at lærlingen sjølv må kontakte fylkeskommunen når opplæringa ikkje held mål.

- Elevane sitt psykososiale læringsmiljø, skulemiljøsaker:
  På kvar vidaregåande skule bør det vere ein eller fleire tilsette med ekspertkompetanse på aktivitetsplikta etter kapittel 9A i opplæringslova, som kan støtte den enkelte lærar i jobben med skulemiljø. Desse må få jamleg fagleg påfyll og høve til å øve på å takle miljømessige utfordringar. Det bør opprettast eit innsatsteam med spisskompetanse som kan støtte skulane i arbeidet med komplekse saker.

## Gode tiltak

Elev- og lærlingombodet vil trekke fram at det er fint at fylkeskommunen no har lagt til rette for eit system der elevar lett kan varsle/melde frå om mobbing eller andre kritikkverdige tilhøve. Det er bra at ein gjennom dette systemet også kan melde frå om brot på retningsliner for HMS. Dette systemet skal vere enkelt å bruke for elevar, men det må bli endå meir synleg og lettare tilgjengeleg for elevane. Det bør vere meir synleg både på fylkeskommunen si nettside og den enkelte skule si nettside.

I fleire år har spesielt lærlingar etterspurt eit «lærlingbevis» og det er gledeleg å sjå at lærlingar i Vestland dette året endeleg har fått eit digitalt id-kort.

Vidare er det viktig at fylkeskommunen har prioritert krafttak for psykisk helse, med fleire ulike tiltak. Ombodet ønskjer mellom anna å trekke fram “Støttetelefonen for elevar og lærlingar”, og open skule i ferie, som gode tiltak.

# Førespurnader 2020-2021

Samla har elev- og lærlingombodet registrert 290 førespurnader siste året frå perioden frå 16.juni 2020 til 10. juni 2021. Av førespurnadene omhandla 186 av desse lærlingar/opplæring i bedrift, og 97 av førespurnadene omhandla elevar/opplæring i skule. Det var også 7 førespurnader som er kategorisert under «Andre». Dette omhandla eksempelvis førespurnader som er utanfor ombodet sitt mandat som grunnskule, fagskule eller folkehøgskule.




Enkelte førespurnader vert kvittert raskt ut ved å gi enkel informasjon om lovverk. Andre førespurnader er meir omfattande og går over lang tid, med fleire samtalar/møte. Lærlingen/eleven må samtykkje til at nødvendig informasjon kan delast/hentast inn frå andre.

Ved førespurnad til ombodet får eleven eller lærlingen i dei fleste tilfelle informasjon og verktøy til å prøve å løyse utfordringane sjølv. Dei som tar kontakt får informasjon om at ombodet kan vere ei vidare støtte, om ønskjeleg. Omfattande førespurnader er registrert under tema som var mest beskrivande for førespurnaden og utfordringa til eleven/lærlingen.

## Kven tar kontakt med elev- og lærlingombodet




Elevar og lærlingar tar i stor grad sjølv kontakt med ombodet, men ofte er det også foreldre eller føresette som kontaktar ombodet. I enkelte tilfelle er det offentlege instansar eller skular/lærebedrifter som tar kontakt. Ombodet vert mest kontakta på telefon og på e-post.

## Førespurnader som gjeld lærlingar og lærlingordninga 2020 - 2021

| Tema | Førespurnader |
|---|---|
| Lønn, tariffavtale og overtidsbetaling | 23 |
| Manglande oppfølging/opplæring/tilbakemeldingar. Lærlingar som arbeider åleine/for mykje sjølvstendig arbeid | 20 |
| Ikkje fått læreplass. Søker råd, rettleiing og informasjon om læreplass/rettar og korleis finne læreplass | 17 |
| Spørsmål og bistand i samband med heving av lærekontrakt. Ønske/fare for å avbryte læretid, avbrot/pause i læretida | 16 |
| Arbeidstid, ferie og feriepengar | 14 |
| HMS, arbeidsmiljø (også mobbing) konfliktar og manglande trivsel | 13 |
| Tilrettelegging | 10 |
| Permittering og andre koronarelaterte spørsmål (smittevern, uro) | 9 |
| Byte av lærebedrift (spørsmål rundt dette) | 9 |

| | |
|---|---|
| Finne fram i systemet (førespurnader til fylkeskommunen der lærlingen ikkje fann ut kven som skulle kontaktast/hadde ansvaret) | 9 |
| Manglande fag/søknad om fritak frå fag. Forlenging og forkorting av læretid | 9 |
| Spørsmål om fagprøven. Ikkje meldt opp til fagprøven | 9 |
| Diverse: Buss streik, attest, presisering av lovverk, tilskott, trivselstiltak, ansvarsfordeling | 9 |
| Alternative vegar til fagbrev/alternative utdanningsvegar. Spørsmål om påbygg | 8 |
| Reiseutgifter/gratisprinsippet | 3 |
| Lærlingbevis/rabatt | 3 |
| Lånekassen | 2 |
| Bekymring frå lærebedrift (rusproblematikk, manglande oppmøte) | 2 |
| Innsynsrett | 1 |
| **Sum** | **186** |

## Tendensar og utfordringar når det gjeld førespurnader frå lærlingar

Det er ikkje alltid like lett å setje ein førespurnad inn i ein bestemt kategori. Ein førespurnad frå ein lærling kan eksempelvis gjelde både spørsmål om lovverk i høve til manglande opplæring, og samstundes spørsmål om informasjon/rettar ved byte av lærebedrift.

### Informasjon

Ombodet har hatt ein del førespurnadar som omhandlar det å finne fram i det fylkeskommunale systemet når det gjeld lærlingordninga.

Nettsidene til www.vlfk.no vert stadig betre, men det kan vere vanskeleg for elevar, lærlingar og føresette å finne fram i det fylkeskommunale systemet. Fleire av førespurnadene skulle i utgangspunktet ikkje til elev- og lærlingombodet, men i første omgang til Rettleiingstenesta. Dette kan eksempelvis vere meldingar til fylkeskommunen om manglande opplæring eller ynskje om bedriftsbesøk frå fylkeskommunen. Rettleiingstenesta er enno ei relativt ny teneste i fylkeskommunen som er ukjent for mange. Ettersom fylkeskommunen er ein part i lærekontrakten, er det er viktig at alle lærlingar vert kjende med Rettleiingstenesta og når det er relevant å kontakte dei.

### Fylkeskommunale lærlingsamlingar

Større lærebedrifter og mange av opplæringskontora arrangerer eigne samlingar for nye lærlingar. Dette er gode og nyttige samlingar der lærlingane får felles informasjon om læretid, om dei ulike instansane og rolla til fagleg leiar og instruktør. Lærlingane får informasjon om fylkeskommunen, rolla til Rettleiingstenesta og rolla til opplæringskontora. Det blir vidare gjeve generell informasjon om både rettar og plikter, intern opplæringsplan, HMS, ferielova, lønn/tariffavtaler, osv. Slik informasjon er nødvendig og viktig for lærlingen i overgangsfasen mellom skule og arbeidsliv. Likevel er det fleire lærlingar som ikkje får slik grunnleggande informasjon i starten av læretida. Slike større

informasjonsmøte bør vere eit tilbod som fylkeskommunen kan gi. Informasjonsmøte kan arrangerast som webinar, der også føresette kan få tilgang. Det er også fint om informasjonen er tilgjengeleg i ettertid slik at det er mogleg å finne tilbake til relevant informasjonen dersom det skulle dukke opp spørsmål eller utfordringar.



### Manglande opplæring og oppfølging

Elev- og lærlingombodet har 20 førespurnader som gjeld manglande opplæring og oppfølging i lærebedrifta. Dette er lærlingar som arbeider mykje åleine, og som er usikre på kven som har ansvar for dei på arbeidsplassen når det gjeld opplæringa. Lærlingane kan gjerne trivest, og ha gode kollegaer, men dei fortel om manglande læreprogresjon og manglande planar for opplæringa i høve til måla i læreplanen. Fleire er lite kjent med læreplanen i faget sitt, og etter kvart som læretida nærmar seg slutten kjem uroa for fagprøven. I fleire av desse førespurnadene fortel lærlingen at lærebedrifta er ny, og at dei er første lærling i bedrifta.

Nokre lærlingar melder også om mistrivnad i lærebedrifta og at dei ynskjer å byte lærebedrift eller avslutte utdanninga. Bakgrunnen for dette er alt frå manglande oppfølging til konfliktar på arbeidsplassen.

### Følgje opp lærlingar og nye lærebedrifter

Lærlingane har behov for å melde frå til fylkeskommunen på ein enkel måte når dei ikkje får den opplæringa dei har rett på, eller ikkje har eit godt læremiljø. Det kan vere tungt og vanskeleg for ungdom å gjentatte gongar ta opp opplæringstilhøva med bedrifta når det er lite som betrar seg. Lærlingane har behov for å melde frå til fylkeskommunen v/Rettleiingstenesta slik at dei kan følgje opp lærebedrifta og sikre at opplæringa held kvalitet. Dessverre er Rettleiingstenesta og deira ansvarsoppgåver enno for lite kjent for lærlingane i fylket vårt. Elev- og lærlingombodet ser eit behov for å følgje opp dei lærebedriftene som er nye, slik at dei får gode rutinar for opplæringa frå start, med

intern opplæringsplan som viser til måla i læreplanen og dokumenterte halvårsvurderingar. Dette er ei oppgåve som Rettleiingstenesta bør prioritere, og arbeidet bør vere systematisk. Slik situasjonen er i dag er fylkeskommunen og deira oppgåver ut mot lærlingar og lærebedrifter for usynleg for unge som får opplæringa si ute i godkjente lærebedrifter. Ansvaret for å melde frå ligg på lærlingen, og det er lite systematisk arbeid med å følgje opp lærebedriftene for å avdekke eksempelvis manglande oppfølging/opplæring.

## Førespurnader som gjeld elevar 2020-2021

| Tema | Førespurnader |
|---|---|
| *Retten til eit trygt og godt skulemiljø (Kapittel 9A i opplæringslova)* | 18 |
| *Manglande tilrettelegging/spørsmål om spesialundervisning/fritak i fag* | 18 |
| *Koronareglar/uro rundt korona/spørsmål om smittevern* | 13 |
| *Vurderingsgrunnlag/IV* | 6 |
| *Inntak/byte av skule* | 5 |
| *Diverse spørsmål. Finne fram i systemet/ tolking av lovverk* | 5 |
| *YFF/praksis/samarbeid skule-bedrift* | 4 |
| *Elev PC* | 3 |
| *Ikkje tilfredsstillande undervisning/manglande opplæring* | 3 |
| *Alternative løp* | 3 |
| *Fråværsreglement* | 3 |
| *Vegen vidare/behov for yrkesrettleiing* | 3 |
| *Gratisprinsippet* | 2 |
| *Vitnemål* | 2 |
| *Elevrådsarbeid/elevmedverknad* | 2 |
| *Eksamen* | 1 |
| *Erstatning* | 1 |
| *Internatreglar* | 1 |
| *Konflikt/misnøye med lærar* | 1 |
| *Teieplikt* | 1 |
| *Streik* | 1 |
| *Skuleskyss* | 1 |
| SUM | 97 |

## Tendensar og utfordringar når det gjeld førespurnader frå elevar

Trass i at mobbeombodet i Vestland ikkje arbeider opp mot vidaregåande skule etter endringar i mandat frå 2020, har det ikkje vore auke i førespurnader til elev- og lærlingombodet som omhandlar elevar sin rett til eit trygt og godt skulemiljø.

Elev- og lærlingombodet ynskjer likevel å vise til oppsummeringa i delrapporten til mobbeombodet i tidlegare Hordaland: «Erfaringar frå arbeid med skulemiljøsaker i vidaregåande skule. Mobbeombodet i Hordaland, 2015-2020».

Førespurnadene som elev- og lærlingombodet har fått handlar om mykje det same som mobbeombodet skriv om i si oppsummering. Fleire elevar og føresette opplever at skulen ikkje tar tak i problemstillingane eller at rett tiltak ikkje vert sett inn. Førespurnadene til elev- og lærlingombodet handlar om korleis skulen handterer saka, til dømes brot på aktivitetsplikta. Fleire elevar og føresette kjenner på bagatellisering og manglande kommunikasjon med skulen.

Dei tilsette på skulane har behov for meir handteringskompetanse i arbeidet med å følgje opp når elevar melder frå om eit utrygt skulemiljø. Det er behov for tilsette med meir kunnskap om eksempelvis undersøking, bruk av tiltak, samt å få til eit godt foreldresamarbeid i desse komplekse sakene. Det er behov for fleire tilsette som også kan støtte den enkelte lærar og leiar i arbeidet med saker som omhandlar eleven sin rett til eit trygt skulemiljø. Fylkeskommunen bør opprette innsatsteam med spisskompetanse som kan støtte skulane i arbeidet med komplekse saker.

Elev- og lærlingombodet registrerer ein auke i førespurnader som handlar om tilrettelegging og spesialundervisning.

Naturleg nok har ombodet også fått ein del førespurnader som omhandlar korona. Dette er alt frå spørsmål om fråværsreglement, for få pausar under digital undervisning til uro for smitte.

Fleire unge har kommunisert at smittevernreglane kan vere forvirrande. Det er behov for god og tydeleg informasjon retta mot barn og unge om kva dei har rett på og lov til. Elevane har behov for å medverke og bli høyrt, også når det gjeld skulesituasjonen og konsekvensar av korona.

# Ombodet sitt arbeid

### Korona

Siste året har elev- og lærlingombodet hatt færre førespurnader enn tidlegare. Dette kan ha samanheng med at ombodet i mindre grad har vore ute og møtt elevar og lærlingar. Fleire skulebesøk har vorte avlyst, og det var også færre samlingar for nye lærlingar i dei ulike lærebedriftene/opplæringskontora dette skuleåret. Dette viser at det er viktig at elev- og lærlingombodet er ute og møter elevane og lærlingane der dei er, fysisk eller digitalt. Det er lettare å ta kontakt med nokon du har møtt tidlegare og har kjennskap til.

### Elevrådsarbeid

Når ombodet besøker elevråd er tema gjerne ombodsrolla, elevmedverknad, elevrådsarbeid, korleis ta opp vanskelege saker, rolleavklaring og skulemiljø. Kapittel 9 A i opplæringslova seier noko om

elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø. Dette er tema som elev- og lærlingombodet tar opp på skulebesøk og i møte med elevråda.

Det er viktig er at det blir sett av nok tid til elevrådsarbeid på kvar skule. Elevane har rett til å bli høyrde i alle viktige saker som vedkjem skulekvardagen, også det som gjeld smittevern. Dette krev at leiinga oppfordrar til synspunkt frå elevrådet, og følgjer opp saker som elevane sjølve tek initiativ til.

Ombodet oppfordrar elevråda til å vere aktive og «frampå» med synspunkt når det gjeld alle sider av skulekvardagen. Elevar opplever til tider at skulen ikkje lyttar til dei, eller at elevrådsarbeidet blir nedprioritert.

Elev, lærling,- og mobbeomboda i Noreg har i samarbeid med Elevorganisasjonen utvikla nettsida www.elevråd.no, som skal hjelpe elevrådet å starte opp og få gjennomslag for sakene sine. Nettsida har praktiske tips til elevråda, f. eks. korleis gjennomføre eit val, eller korleis engasjere medelevane i ei viktig sak. Her er det også gode tips til tilsette ved skulane som er kontaktpersonar for elevrådet. Kontaktperson for elevrådet er ein ressursperson undervegs i heile skuleåret og er særleg viktig for nyvalte tillitselevar. Det at der er ein tilsett på skulen, som kan legge til rette og gi støtte til elevrådet undervegs, er med å kvalitetssikre eit godt og effektivt elevrådsarbeid.



**Informasjonsarbeid og sosiale medier**

Ombodet har våren 2021 sett i gang eit arbeid med å opptrette Instagram for å nå ut til ungdom mellom 13-24 år, med relevant informasjon om rettar og plikter. Dette er eit samarbeid med mobbeombodet i Vestland og er enno heilt i startfasen.

Elev- og lærlingombodet har nytta Snapchat til å kommunisere med elevar og lærlingar. Dei siste 3 åra har elev- og lærlingombodet hatt kommunikasjon med over 300 ungdom via Snapchat. På Snapchat informerer ombodet om rettar og plikter i vidaregåande opplæring. Vi får korte spørsmål om lovverk,

eller tilbakemeldingar/kommentarar på innlegg etter besøk ute på vidaregåande skular/samlingar med lærlingar. Dette har vore ein fin og enkel måte å kommunisere med målgruppa på. Elev- og lærlingombodet har også ei Facebook-side, og denne vert brukt til å dele relevant informasjon om vidaregåande opplæring og det som kan vere av interesse for elevar, lærlingar og føresette.

Det er viktig at det ligg kontakt-informasjon til elev- og lærlingombodet på nettsidene til alle dei vidaregåande skulane i Vestland. Kvart år kjem det nye elevar – og foreldre – til, som treng å vite kven dei skal ta kontakt med dersom dei har spørsmål om elevane sine rettar og plikter.

Lærlingar kan ha fått kjennskap til ombodsordninga medan dei var elevar, men ikkje alle ettersom elev- og lærlingombodet har vore mindre ute på skulebesøk siste året. Det kan vere behov for synleg kontaktinformasjon om ombodet også på lærebedriftene/opplæringskontora sine interne kommunikasjonskanalar.

### Samarbeid med mobbeombodet i Vestland

Elev- og lærlingombodet samarbeider tett med mobbeombodet i Vestland jf. mandat. Omboda er organiserte i same seksjon, og samarbeider både i høve til ombodsrolla, i enkeltsaker og held også enkelte innlegg saman.

Inneverande år har omboda brukt tid på å setje i gang eit arbeid med å få felles rutinar på plass.

### Samarbeid med elev- lærling og mobbeomboda i Norge –ELMO

Elev- og lærlingomboda i Norge, og dei fylkeskommunale mobbeomboda i Norge, har danna eit felles nettverk: «Elev- lærling,- og mobbeombod i Norge». Nettverket driv to felles nettsider: www.elevombudene.no og www.elevråd.no . Nettverket arrangerer i fellesskap samlingar med relevante tema, og kommuniserer mykje via Teams der vi har ein god delingskultur. Siste året har samlingane vore digitale. Samlingane har vore noko kortare enn vanleg, men det har også vorte arrangert fleire samlingar enn tidlegare. På samlingane er det innlegg med relevante tema, erfaringsutveksling samt at sjølve ombodsrolla alltid er eit relevant tema. Omboda har hyppig kontakt gjennom digitale møte, på Teams, på e-post, og på Facebook. Nettverket har ingen leiar, men har eit «arbeidsutval». F.o.m. våren 2019 har alle elev- lærling-, og mobbeomboda i Noreg fått tilbod om gratis kompetanseheving via Læringsmiljøsenteret i Stavanger. Dette tiltaket er i regi av Utdanningsdirektoratet.

### Faste møte med politisk og administrativ leiing

Inneverande år har omboda hatt to møte med leiarane i avdeling opplæring og kompetanse, eit møte med fylkesordførar, to møte med fylkesrådmann, og faste møte før nesten kvart utvalsmøte med leiarane for Hovudutval for opplæring og kompetanse. Desse møta er nyttige og noko ombodet set stor pris på. På den måten kan vi halde kvarandre oppdaterte om kva som rører seg på opplæringsfeltet anten det gjeld elevar eller lærlingar.

Vedlegg:

# Mandat for elev- og lærlingombodet i Vestland

Mandat for elev- og lærlingombod i Vestland vart vedtatt i Vestland fylkesting 10. juni 2020. Vestland fylkeskommune har to elev- og lærlingombod. Ombodet har ei rådgjevande og rettleiande rolle og er ikkje ein klageinstans.

## Elev- og lærlingombodet i Vestland

Elev- og lærlingombodet er fylkeskommunen sitt ombod for elevar, lærlingar og lærekandidatar (heretter omtalt som lærlingar) i vidaregåande opplæring.

Elev- og lærlingombodet er først og fremst eit lågterskeltilbod som elevar, lærlingar og føresette lett skal kome i kontakt med. Ombodet skal utføre arbeidet sitt på eit fritt og sjølvstendig grunnlag, og bidra til å styrke fylkeskommunen sitt arbeid med å sikre at elevar og lærlingar får ivaretekne rettane sine.

Ombodet arbeider for at alle elevar og lærlingar skal få ei rettferdig behandling etter lov, forskrift og fylkeskommunalt regelverk, og er ein pådrivar for at skular og opplæringsinstitusjonar følgjer dei retningsliner og lover som omhandlar elevar og lærlingar sine rettar. Ombodet skal samarbeide med alle partar i vidaregåande opplæring for å minne dei ansvarlege på at elevar og lærlingar får oppfylt retten til medverknad

### 1. Målgruppe

Elev- og lærlingombodet sitt arbeidsområde omfattar alle elevar og lærlingar innanfor det fylkeskommunale opplæringstilbodet og private vidaregåande opplæringstilbodet.[*] Alle elevar og lærlingar, uavhengig om dei er i eit fylkeskommunalt eller privat vidaregåande opplæringstilbodet, skal kunne ta kontakt med elev- og lærlingombodet og få hjelp.

### 2. Teieplikt

Ombodet har teieplikt og saker blir ikkje bringa vidare utan samtykke.

### 3. Organisering, rapportering og initiativrett

Ombodet skal utarbeide årsmelding til fylkestinget.

Ombodet skal ha systematisk kontakt med administrativ og politisk leiing i fylkeskommunen, med faste møtepunkt fleire gonger i året.

Dei fylkeskommunale observatørane i styra til dei private vidaregåande skulane skal syte for at årsrapport frå elev- og lærlingombodet vert handsama i styra i dei private vidaregåande skulane.

Elev- og lærlingombodet er ein del av eit nasjonalt nettverk for fagleg utvikling og erfaringsdeling på tvers av fylka.

---

[*] Dersom dei private vidaregåande skulane ynskjer besøk av elev- og lærlingombodet, må dei dekkje kostnadene med dette sjølv.

vestlandfylke.no